



MELAND KOMMUNE

ORDFØRAREN

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.
0033 OSLO

Dykkar ref.
Vår ref. NMA

Journalp.ID 09/7356
ArkivsakID 07/1525
Arkiv nr. N-548, N-634

Dato 28.05.2009

SALAR BRUK AS - INNTAKSLEIDNING FOR VATN

Viser til skriv frå advokatfirmaet Rasmussen & Broch av 20.01.2009 - ”Salar bruk AS – inntaksledning for vann – rettslig partsinteresse i klagesaken” til Norges Vassdrags- og energidirektorat, Region Vest.

For å unngå eventuelle mistydingar i saka blir det med dette presisert at Meland kommunestyre sitt vedtak av 10.10.2007 står ved lag. I vedtaket heiter det:

*”Meland kommunestyre syner til sitt vedtak i møte 15.11.99, - uttale til søknad frå Salar Smolt AS om konsesjon for produksjon av settefisk.
Eitt av vilkåra Meland kommune sette for å tilrå konsesjon var at den omsøkte leidningen skal sprengjast/gravast ned i utløpet slik at den ikkje vert synleg frå land.
Leidningen vart lagt ned i 2006.
Etter dette har både Midtre Holsnøy grunneigarlag og andre innbyggjarar i kommunen meldt frå om at leidningen ikkje er lagt slik det er sagt i konsesjonen.
Komité for kommunalteknikk, miljø og landbruk har 25. september 2007 vore på synfaring og konstaterer at leidningen ikkje er lagt slik at den er skjult. Den er tvert i mot godt synleg enkelte stader, og er såleis både skjemmaende og til hinder for aktivitetar som fiske.
Rylandsvassdraget er eit verna vassdrag som er mykje brukt som rekreasjonsområde.
Meland kommunestyre ber NVE syte for at leidningen vert lagt i tråd med vilkåra gjeve i konsesjon av september 2001.”*

ORDFØRAREN I MELAND

Nils Marton Aadland

Kopi til:

Norges Vassdrags- og Energidirektorat
Rådmannen i Meland

Adresse Postboks 79
5906 Frekhaug
postmottak@meland.kommune.no
raadmannskontoret@meland.kommune.no

Telefon: 56 17 10 00

Telefaks: 56 17 10 01
avd. 56 17 10 01

Bankkonto: 3632 07 00242
Bankkonto, skatt: 6345 06 12563

Heimeside: www.meland.kommune.no
Kartinformasjon: www.nordhordlandskart.no

